



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 24.03.2021
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:

Elin Anita Garpestad
Elisabet Haarr
Ivan Fjeld
Jens Kåre Bore Stokka
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Nicolai Homme
Torunn Renate Bore
Torill S Bøen

Rolle

Andre
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem - forfall
Leiar
Nestleiar – forfall
Vara

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
21/015	Godkjenning av innkalling
21/016	Godkjenning av referat
21/017	Samtale om arbeidet mars 2021
21/018	Informasjon frå og til fellesrådet mars 2021
21/019	Årsmelding og rekneskap
21/020	Gudstenesteliste Bore april og mai
21/021	Digikyrkje.no
21/022	Orienteringar mars 2021

21/015 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 21/015 Vedtak:

Innkalling godkjent.

21/016 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:
Referat fra forrige møte godkjent.

BS - 21/016 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

21/017 Samtale om arbeidet mars 2021

Forslag til vedtak:
Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

BS - 21/017 Vedtak:

Soknerådet ser at situasjonen for tida er krevande for menighetsdrifta og er glade for alt som kan gjennomførast.

21/018 Informasjon frå og til fellesrådet mars 2021

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

BS - 21/018 Vedtak:

Det var lite nytt å informera om og soknerådet tok saka til orientering.

21/019 Årsmelding og rekneskap

Forslag til vedtak:

Bore sokn godkjenner årsmelding og vedtek rekneskap for 2020.

Meirforbruk ved investeringa av AV-utstyr er innelekka av fond, jfr. sak 79/19 «**Soknerådet ber soknerådsleiar og dagleg leiar om å vurdere tilbodet frå Atea og får fullmakt til å bestilla utstyr. Soknet løftar denne investeringa på eiga hand og nyttar oppsparte midlar for å finansiera kjøpet**».

Driftsrekneskapen viser eit reknskapsmessig mindreforbruk på kr. 46 563,10 som vert sett på ubunde fond. (I tillegg er det sett kr 7 662,70 på bunde trusopplæringsfond).

Soknerådet gjorde ein gjennomgang av året og sette fokus på kva som kan gjerast framover. Det vil bli eit fokus på leining av smågrupper og undervisning for vaksne. Dato og tema for årsmøtet vil bli bestemt seinare. Soknerådet ønskjer eit fysisk årsmøte.

BS - 21/019 Vedtak:

Bore sokn godkjenner årsmelding og vedtek rekneskap for 2020.

Meirforbruk ved investeringa av AV-utstyr er innelekka av fond, jfr. sak 79/19 «**Soknerådet ber soknerådsleiar og dagleg leiar om å vurdere tilbodet frå Atea og får fullmakt til å bestilla utstyr. Soknet løftar denne investeringa på eiga hand og nyttar oppsparte midlar for å finansiera kjøpet**».

Driftsrekneskapen viser eit reknskapsmessig mindreforbruk på kr. 46 563,10 som vert sett på ubunde fond. (I tillegg er det sett kr 7 662,70 på bunde trusopplæringsfond).

21/020 Gudstenesteliste Bore april og mai

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek revidert gudstenesteliste til og med 17. mai. Årsmøtet vert 9. mai kl. 20.

BS - 21/020 Vedtak:

Soknerådet vedtek revidert gudstenesteliste til og med 17. mai. Årsmøtedato og tema vert fastsett på eit seinare tidspunkt.

21/021 Digikyrkje.no

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Dan Egil og Arne vil ta eit hovudansvar for å finna ut kva som trengs for å streama gudstenester og laga produksjonar. Dei må få opplæring, kanskje ved ekskursjon til sokn som allereie er "oppe og går". I tillegg vil ein involvera fleire frivillige, både vaksne og ungdomar/barn.

BS - 21/021 Vedtak:

Menigheten arbeider vidare med å få til streaming av gudstenester. Det fordrar noko meir utstyr og ein del frivillig innsats. Tilbakemelding til Digikyrkja.no er at det er interesse for å bli med når me blir operative lokalt.

21/022 Orienteringar mars 2021**Forslag til vedtak:**

Soknerådet tek saka til orientering.

Det kom fram ei eventuell sak:

Krossen på Kleppevarden vert reist fredag før påske og blir ståande til 2. påskedag. På dette viset vil alle kristne i kommunen bli minna om å be for alle menneske i Klepp. Ivan vil minna om dette i infomail før påske.

BS - 21/022 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.